

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jarle Skartun
Arkivsaksnr.: 17/182

Arkiv: 212

Rekneskap 2017. Rapportering og oppfølging i høve budsjett. 5/17

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet tek informasjonen i saka til orientering.
Formannskapet har ikkje merknad til vidareføring av arbeidet som skissert i saka/vedlegga.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: PP –Luster 2020, oppsummering, august -17.
Kostraanalyse, rådmann sin vurdering av KS-analyse, august-17.
Uprenta vedlegg: B-17, ØP 17-20, Planleggingsprogram.
T1 2017.

Samandrag:

I saka vert der referert omkring utvikling i budsjett / budsjettoppdrag.

Utval som har vedtaksmynne: Formannskapet

Fakta/vurdering:

Den siste rapporteringa på tema var i tertialrapport 1 i juni -17.

1)Generelt -utviklingsarbeidet:

Rådmann har teke i bruk omgrepet «Luster 2020» på det utviklingsarbeidet som er definert i budsjettoppdraget med mål om å etablere ein betre balanse i økonomien.

Det ligg ved ein presentasjon i saka som oppsummerar frå arbeidet.

Rådmannen har og utarbeidd eit notat, som ligg ved saka, med kommentarar til KOSTRA-analysen frå KS-konsulent .

«Luster 2020»:

Kommune/KOSTRA-analyse

Analysen som ligg føre syner i hovudsak eit rett bilde på ressursbruken.

Det er likevel slik at me ser at her er både feilføringar og manglande fordeling av kostnader som me ynskjer retta opp. Det vil gi ein rettare KOSTRA-rapport og i større grad «eple mot eple» i seinare samanlikningar.

Formelt ynskjer me å ta større feil/korrigeringar inn i T2 slik at det vert etablerte eit meir KOSTRA-rett grunnlag for fastsetjing av budsjettrammer for 2018. Dette krev noko kapasitet og kvalitetssikring og eg tilrår derfor at me ventar med den formelle T2 handsaminga til kommunestyret i oktober.

Me vil då og kunne få betre kvalitet på regulering av investeringsplan for 2017 og godt oversyn over utvikling i drifta. Alternativt må T2 klargjerast frå rådmann innan 6.sept, jf møteplan for september, og dette vert for knapt.

Kommune/KOSTRA-analysen gir og grunnlag for å drøfte tilpassingar i ressursbruken mellom dei ulike tenesteområda. I vedlagde PP-presentasjon har rådmann gjort nokre overordna og høgst førebelse vurderingar på kvar det bør vere handlingsrom for å redusere nettokostnadane og i kva storleiksorden det kan vere snakk om for dei ulike KOSTRA-funksjonane. Dette arbeidet må no prioriterast.

På ein del område er det behov for nærmare analyse, «djupdykk», for nærmare avklaringar. Det har vore kommentert at det er slikt behov både innan administrasjon og helse.

Me har førebudd dette og har tilbod om oppfølging frå KS når det gjeld administrasjon. Når det gjeld helseområdet så vil Agenda Kaupang kunne gi oss ein analyse «sett utanfrå.» Dei har referanseprosjekt på dette.

Me førebur prosjekt og tiltak som kan redusere netto kostnadsrammer. Me ser føre oss eit større prosjekt for organisasjonsutvikling for det administrative arbeidet og forvaltningsarbeidet.

Det vert lagt opp til ei nærmare drøfting om budsjetttrammer på neste møte i fsk.

Skulestruktur/skulebruksplan

Rådmann registrerer politiske signal på at ein er reservert og avventande til å nærmere seg konklusjonen på ev endringar i skulestruktur.

Me oppfattar at det er ynskeleg å sjå nærmare på korleis dei økonomiske rammevilkåra for kommunen utviklar seg før ein gir meir avklarande signal på ev endringar i skulestrukturen. Det kan vere å håpe at dette vil kome i løpet av arbeidet med statsbudsjettet for 2018. Dette gjeld både inntektssystemet og spesielt dette med eigedomsskatt for dei store kraftverka.

Ut frå dette har me ikkje skunda på arbeidet med utforming av framlegg til framtidig skulebruksplan. Det ligg vidare til rette for at kommunestyret 21.09. kan ha årleg temadag på oppvekst der grunnskule vert prioritert. Den årlege tilstandsrapporten, utviklingsarbeid og skulestruktur kan då vere tema.

På grunnlag av både KOSTRA-analysen og rapporten frå Telemarksforsking er det behov for oppfølgingsarbeid på fleire område, men spesielt omkring temaet spesialpedagogisk undervisning. Også modellen for fordeling av økonomisk ramme til skulane bør etterprøvast. Me «trør vatnet» og gjer nokre vurderingar på kor mykje grunnskuleramma for 2018 kan trekkast ned utan å endre på struktur.

Utviding av eigedomsskatteordninga.

Sakkunnig nemnd nærmar seg fullføring av sitt innleiande arbeid med utarbeiding av retningslinjer. Det vil verta kalla inn til nytt møte med det første.

Det er likevel slik at skal det vere realistisk å komme i mål med dei fristane som gjeld i saka så må administrasjonen agere som om det er gjort vedtak om å utvide ordninga.

Det må kjøpast inn programvare og det må gjennomførast taksering.

Etter nærmare drøfting så syner det seg ikkje vere realistisk å gjennomføre taksering i eigen regi med noko innleige.

Det beste vil vere å hente inn eit anbod på den samla takseringsjobben. Det vert no førebudd eit konkurransegrunnlag for det arbeidet. Med referanse til andre kommunar må det pårekna at dette arbeidet vil ha ein høgare kostnad enn tidlegare skissert i T1.

2)Drift: (nærare gjennomgang i T2)

- Drifta gjennom sommaren har i stor grad vore i hht plan/budsjett.
- Stenging av Lustrabadet for sjekk av hovudbasseng mv.

3)Investering: (nærare gjennomgang inkl regulering av plan i T2)

- Rådhuset, renovering i hht plan/budsjett.
- Jostedal oppvekstsenter/barnehage, renovering/tilbygg «ferdigstilt» i hht plan/budsjett.
- VA-Solsida under arbeid.
- Friskhuset, blir pårekneleg lagt fram som politisk sak 13.09.

4)Planleggingsprogrammet:

-KPS går som planlagt, men me har prioritert fram KPA (planprogrammet) slik at det kan gjennomførast felles medverknadsmøte/bygdemøter på kommuneplanarbeidet i oktober.
-Privat reguléringsplan Botn, reguléringsplanar Motorsportsenter Leirmoøygarden og Heggmyrane er på «oppløppssida» med mål om handsaming i PFS 04.09. PFS tek stilling til om planane kan sendast til kommunestyret 21.09. Heggmyrane, mest «krevjande», med mange innspel.

5)Budsjettarbeidet for 2018.

Vanlegvis så har me hatt ein forsiktig oppstart på budsjettarbeidet for kommande år rett før sommarferien.

Ut frå den økonomiske situasjonen og arbeidet med KOSTRA og skulestruktur har me utsett dette for å ta inn ev avklaringar i arbeidet.

Om ein no i stor grad ynskjer vente på statsbudsjettavklaringar så kjem me fort i tidsnød utover hausten og arbeid med tilpassing/avklaring av budsjettrammer vil fort gå over i 2018.

Om dei økonomiske prognosane som me så langt har lagt til grunn er dei me skal arbeide etter så vil endelege tilpassingar etter rådmannen sitt syn måtte gjerast over 2 budsjettår. Det vil dempa dei negative konsekvensane på endringar. Nedtrekk og omleggingar kan då gjerast over litt tid og nedbemannning kan løysast via naturleg avgang. Rådmann legg dette til grunn i vidare arbeid.

Rådmann ser føre seg å utforme budsjettnotat omkring 2018 budsjettet/øp til formannskapet sitt møte 13.09. Me vil då komme nærmere tilbake til utvikling i driftsrammer og investerings- tiltak som er aktuelle å drøfta nærmere.

Dato: 24.08.17

Jarle Skartun
rådmann

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: